

PÅ VEG TIL NYE

MINERALFOREKOMSTER

Av Torgeir T. Garmo

Dessverre, - for alle mineralsamlarar, er E18 gjennom nordre del av Vestfold nå opna for trafikk og stengd for mineralsamling. I staden har Vegvesenet flytt seg sørover og arbeider på parsellen Brokelandsheia - Sørlandsporten i Aust-Agder. Bergartane i området her høyrer til det sønorske grunnfjellsområdet. Kongsberg-Bamble-formasjonen gjekk gjennom ei sterk omvandling (Kongsberg-metamorfose) for 1540 mill. år sia, og fleire intrusjonar og metamorfoser har seinare påverka området. Berggrunnen langs traseen består av magnesiumrike gneisar, amfibolittar og ureine kvartsittar.

Vegvesenet driv sørover frå Brokelandsheia i eigen regi. Ein privat entreprenør, Terrengtransport, starta med eit påhogg frå Akland og driv nå også nordover frå Sørlandsporten. Totalt skal det sprengjast 1,2 millionar m³ fjell og byggjast 12 km ny veg. Den nye vegen skal opnast hausten 2004.

Det blir drivi to skift på kvardagar frå måndag til torsdag, slik at det normalt er berre reparasjonar og ettersyn som går for seg i langhelgene. Svært mange samlarar har vore innom anlegget, og dette ser ut til å gå bra så lengje folk oppfører seg fornuftig og ikkje rører maskiner eller installasjonar.

Sjølvs har eg vore sørover fire gonger alt, og kvar gong gjort interessante funn.

Da E18 vart utvida frå Sunde bru til Brokelandsheia for omlag ti år sia, kom det fram store mengder av ein kvit, pegmatittisk bergart med avrunda, rosa-raude rodolitt-granatar. Øvst i bakken før Brokelandsheia kryssa vegen ein dm-tjukk kalsittgang med vakre kalsittkrystallar dekte med pyritt. Berre femti meter vidare starta det nye anlegget, og her fanst dei same granatane som bergartsdannande mineral i ein gneis med store mengder flogopitt, men dessverre også pyritt/pyrrhotitt. Desse sulfidane har vanlegvis rusta opp og misfarga feltspaten, elles ville dette vore utruleg flotte stuffar.

På eit par tyske messer har eg forresten sett desse stuffane stilte ut som korund (!).

Dei fyrste kilometrane sørover følgjer vegtraseen akkurat den same bergartshorisonten, og er derfor uhyre mineralfattig.

Eg har derfor istaden gått inn frå industriområdet



Granat

ved Akland og fylgd traseen nordover.


Alt i april var det her sprengd fleire hundre meter, mest i ein urein kvartsittisk bergart med uregelmessige, tynne pegmatittiske gangar. Desse gangane, og delvis også morbergarten, var full av sillimanitt og skarpe, brunsvarte turmalinkrystallar, vanlegvis 1-3 cm lange, unntaksvis opp til 10cm. Dei var fint terminerte, men så sprø at dei var nesten uråd å preparere ut.

I pegmatittgangane var det feltspat med skarp solsteinseffekt, sillimanitt i kvite tråd-aktige krystallar og (sjeldan) lyseblå apatitt, zirkon og eit gult, stengleg mineral. Dette siste blir nå sjekka.

Utover sommaren og hausten har ein her sprengt seg ned og sørover mot vegen til Vegårdshei, og her er eit uhyre mineralrikt område. Nesten reine anthofyllitt/sillimanitt-soner vekslar med ulike gneisar, ofte gjennomsette av kvartsgangar med cordieritt. Denne cordieritten er av to hovudtyper: som blå, stundom klare masser og sjelnare krystallar i dm-mektige kvartsgangar, og som linser med skimmerande solsteins-effekt. Desse kan bli opp til fleire kilo tunge og heilt raude. I ein del gangar er det baa typer cordieritt. Denne eignar seg flott som slipe-/smykke-materiale. Bjørn Skår har polert opp plater på opptil 20 x 30 cm. I desse vekslar fargene mellom raudt og blått, ved sia av er større parti med grøn, omvandla cordieritt som tek lite polering.

På austsida av traseen stikk det opp eit par kollar av ein lys og hardare albittbergart («kragerøitt»). I denne finst mykje grøn diopsid/hornblende og innvaksen rutil i krystallar opp til 10 cm. Dessverre er dei vanskelege å preparere ut, men det let seg gjera med litt arbeid !



I talrike små druser i albittergarten finst albitt, diopsid, hornblende, sjeldnare rutil, titanitt og zeolittar



10 mm tykk saget skive med cordieritt



Cordieritt saget



Cordieritt

(heulanditt og chabazitt). I ei litt større druse er funne røyk-kvarts opp til 15 cm med hematittbelegg. Eit par mineral har eg ikkje fått bestemt enda.

I ein eigen gang i fjellsida fann vi brune enkeltkry-stallar av sillimanitt opp til 1 x 6 cm i cordieritt: Flotte stuffer er sjeldne av dette mineralet.

Ein liten kilometer nordover har ein vel halvmeter brei gang i amfibolit levert store mengder (almandin?) granat i avrunda klumpar opp til fleire kilo. Det har vist seg at ein del av desse granatane har facett-klare parti som truleg kan slipast !

Eit par gangar med rosenkvarts er også observert i traseen eller nær denne, desse har også parti med blåkvarts (stjernekvarts ?). Vidare er det funne små-gangar med flotte epidotkrySTALLAR, amfibolittar med druser med tremolitt og (hydroksy?)-apatitt og truleg klar, gul beryll.

Og om eit år er det forseint



Hornblende



Og hva dette er, får vi snart greie på, men det er neppe glimmer.

Samling Bjørn Skår, foto STEIN/ghw